

Froland Senterparti

Vedtak om formell åtvaring

I brev datert 26. september 2025 varsla Partilovnemnda om mogleg vedtak om formell åtvaring eller avkorting, fordi Froland Senterparti rapporterte inn eit bidrag frå Senterpartiets Studieforbund etter fristen fastsett i partilova § 18 fjerde ledd. Partifinansiering.no viser at Froland Senterparti har motteke kr 27 900 frå Senterpartiets Studieforbund, der kr 10 200 vart motteke 1. juli 2025 og rapportert 4. september 2025 – 37 dagar etter fristen.

Merknader frå partilaget

I ei utgreiing frå lokallagsleiar i Froland Senterparti den 29. september, heiter det:

«Fyrst og fremst – takk for viktig beskjed. Eg beklagar på det sterkaste at eg ikkje har rapportert inn innan fristen. Eg fekk nyleg ansvaret for oppgåva, og har rett og slett ikkje fanga opp at det skulle vore rapportert løpande. Me har ikkje hatt så mykje studieaktivitet tidlegare, og har ikkje hatt gode interne rutinar for dette i det noverande styret. Me har hatt møte om saka no, slik at me sikrar gode rutinar på dette framover. Er det noko anna du ynskjer dokumentasjon på i dette høvet? Du kan veldig gjerne ringe meg dersom det er andre ting du ynskjer at eg skal gjere greie for i saka.»

Vurdering frå Partilovnemnda

Ei av oppgåvene til Partilovnemnda er å fatte vedtak om administrative sanksjonar når eit parti eller partiledd har brote reglane i partilova § 18 fjerde ledd.

Korrekt rapportering og publisering av bidrag i valår er særleg viktig for å oppnå lovas føremål om openheit rundt partifinansiering. Manglande kunnskap om regelverket eller sviktande interne rutinar vert ikkje godteke som unnskyldning for brot på lova. Det er partiet eller partilaget sitt ansvar å organisere verksemda si slik at regelverket vert følgt.

I denne saka er det klart at eitt bidrag vart rapportert etter den lovbestemte fristen, og Partilovnemnda vurderer at dette bør gje ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber ei prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet. I prøvetida kan nye brot på partilova eller forskrifta bli sanksjonert strengare enn det som elles ville vore praksis for tilsvarende brot. Dette kan inkludere avkorting i den statlege partistøtta. Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 og § 18 fjerde ledd, gjer Partilovnemnda følgjande einstemmige vedtak:

Vedtak

Froland Senterparti får formell åtvaring.

E-postadresse:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Postadresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtaksdatoen.

Vedtaket frå Partilovnemnda kan ikkje påklagast, men kan bringast inn for domstolane som kan prøve alle sider ved vedtaket, jf. partilova § 28 andre ledd.

For Partilovnemnda

Ragna Aarli
Leder

Daniel Giske
Sekretariatsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi: Agder Senterparti